



# Bestillingstransport Kristiansund

Gyldig frå 1. oktober 2023  
Sist oppdatert 19.03.2024

# Om bestillingstransport

Bestillingstransport er eit rutetilbod som berre køyrer når nokon har bestilt. Transporten går ofte med minibuss eller drosje. Tilbodet blir ikkje køyrt på offentlege fridagar/heilag dagar og ikkje i perioden 23.12 til og med 01.01.

## Bestilling

- Bestill på nett når som helst før bestillingsfristen for aktuell tur på [frammr.no/Bestillingstransport](http://frammr.no/Bestillingstransport).
- Bestill på telefon 71 28 01 00 til FRAM Kundesenter på kvardagar frå kl. 08.00 til 15.30. Telefonbestilling via FRAM Kundesenter må gjerast seinast 15.30 sjølv om bestillingsfristen eigentleg er seinare.
- Når du bestiller på telefon, må du ringe minimum 10 minutt før bestillingsfristen slik at personen på kundesenteret rekk å legge inn bestillinga i systemet før tidsfristen går ut. Systemet tillét ikkje at det blir lagt inn bestillingar etter fristen som er sett.
- Bestillingsfrist for kvar rute er angitt i oversikta i dette dokumentet.

## Pris

Vaksen: kr 50,00.

Honnør og barn 6-17 år (fram til dagen dei fyller 18 år): kr 25,00.

Barn under 6 år reiser gratis i følge med vaksne.

Det er ikkje studentrabatt på bestillingstransport.

Du betalar til sjåføren med kort eller kontantar. Periodebillettar gjeld ikkje.

## Viss du treng hjelp

På [frammr.no/Bestillingstransport](http://frammr.no/Bestillingstransport) finn du meir informasjon. Der finn du og ein vegleiar for korleis du bestiller på nett.

FRAM Kundesenter kan hjelpe deg i opningstida, som er kvardagar 08.00-16.00.

Telefon 71 28 01 00.

## Slik fungerer transporten

- Du må bestille på førehand. Turen kører berre når nokon har bestilt.
- Transporten stoppar berre der reisande skal hentast eller sleppast av. Køyretida kan difor variere.
- Bestillingar blir samordna, slik at turen kan gå innom fleire hente- eller leveringspunkt på vegen.
- Bestillingstransporten dekker eit definert område og du må bli henta og levert innanfor det definerte området.
- Du må vere klar 5 minutt før avtalt hentetidspunkt.

# Tilbodet i Kristiansund

Tilbudet blir ikkje køyrt på offentlege fridagar/heilagdagane og ikkje i perioden 23.12 til og med 01.01.

- Bestilling på nett: [fram.no/bestillingstransport](http://fram.no/bestillingstransport)
- Bestilling på telefon: FRAM Kundesenter 71 28 01 00.

## Sentrum – Milnbergan – Skorpa - sentrum

Transport frå Kristiansund sentrum til busshaldeplass på Skorpa eller Milnbergan eller frå desse busshaldeplassane til Kristiansund sentrum. I sentrum går transporten til og frå Alti Storkaia og trafikkterminalen. Transporten køyrer via sjukehuset ved behov.

**Merk! Det er nokre endringar i bestillingsfristene frå 1. november 2023.**

Dag	Frå sentrum*	Frå Skorpa*	Bestillingsfrist på nett	Bestillingsfrist på telefon
Måndag-fredag	09.00	09.20	19.00 kvelden før	15.30 dagen før for måndag: 15.30 fredag
Måndag-fredag	10.00	10.20	08.00 same dag	15.30 dagen før for måndag: 15.30 fredag
Måndag-fredag	11.00	11.20	09.00 same dag	09.00 same dag
Måndag-fredag	12.00	12.20	10.00 same dag	10.00 same dag
Måndag-fredag	13.00	13.20	11.00 same dag	11.00 same dag
Måndag-fredag	14.00	14.20	12.00 same dag	12.00 same dag
Måndag-fredag	15.00	15.20	13.00 same dag	13.00 same dag
Måndag-fredag	16.00		14.00 same dag	14.00 same dag
Laurdag	09.00	09.20	19.00 kvelden før	15.30 fredag
Laurdag	10.00	10.20	19.00 kvelden før	15.30 fredag
Laurdag	11.00	11.20	19.00 kvelden før	15.30 fredag
Laurdag	12.00	12.20	19.00 kvelden før	15.30 fredag
Laurdag	13.00	13.20	11.00 same dag	15.30 fredag
Laurdag	14.00	14.20	12.00 same dag	15.30 fredag

**\*Dette er nytt frå 1. oktober 2023:**

Denne bestillingsruta køyrer som ei bussrute som startar i Kristiansund sentrum og køyrer til Milnbergan og Skorpa og så tilbake til Kristiansund.

Turen startar frå Kristiansund sentrum på dei tidspunkta som står i tabellen over og køyrer til Skorpa og Milnbergan og deretter same rute tilbake til Kristiansund sentrum. Starttid frå Skorpa er ei «cirka-tid».

**Du vil få ein sms om kor tid transporten går frå det stoppet du har valt.**